

Klare for EM i Slovakia

To osingar er klare for lag-EM i Bridge i Slovakia. Ei av dei håpar på ny internasjonal medalje.

►BRIDGE

Carl-Otto Curran er på langt nær nokon nybygjar, men i meisterskapssamanheng med det norske flagget på brystet har nabo Thea Hauge langt meir erfaring.

– Eg er med for å læra og utvikla meg. Thea har nok større sjansar til medalje, seier ein smålåten Curran.

Meisterskapen startar laurdag.

Historisk for Os Bridgeklubb

Aldri tidlegare har to utøvarar frå Os Bridgeklubb vore representert i EM på ein og same tid. Litt artig er det så at dei to er fødd og oppvaksne i same veg.

– Carl-Otto og eg bur berre steinkast frå kvarandre her i Finnebrekka, seier Thea.

– Ja, det er bridge-gata dette, humrar Carl-Otto.


Medan Thea skal stilla i klassen for jenter under 25 år, er nabo Carl-Otto klar for å debutera i open klasse under 21 år.

– Det er berre jenter det er eigen klasse for. Gutane må stilla i open klasse, fortalar Thea.

Kjenner presset

Under bridge-VM i Italia i fjor var 19 år gamle Thea med å vinna bronse for det norske jentelaget. Den solide prestasjonen pregar forventningane før årets meisterskap.

– I Slovakia skal eg spela med dei same



HISTORISK:

Laurdag 8. juli stiller to utøvarar frå Os bridgeklubb i lag-EM i Slovakia. Carl-Otto Curran og Thea Hauge gler seg stort.

fire som eg spelte med under VM i fjor. Me har trent godt i lag og føler oss veldig godt førebudde, seier Thea.

– Kjenner de forventningspress?

– Ja, litt. Me har sjølv sagt at me har som mål å ta medalje, seier ingeniørstudenten.

– Kan de til og med ta gull?

– Ja, det kan me, men Nederland er nok dei største favorittane. Dei slo oss ganske suverent i semifinalen i VM i fjor, fortel ho.

Lange dagar

For Thea og Carl-Otto blir det lange dagar med kortstokkane i Slovakia.

– Me skal spela sju dagar. Mange av dagene blir det spel frå klokka 10.00 til sju-åtte tida om kvelden. Det er rimeleg krevjande økter.

– Kva gjer de etter ei slik økt?

– Hehe. Det er jo det som er litt ironisk. Då spelar me nemleg kort, ler Thea.

Carl-Otto debuterte med det norske landslaget i påsken i år. Då spelte han nordisk meisterskap.

– Det gjekk ganske greitt. Me vart nummer tre i puljespelet, fortel 18-åringen.

Kjenner du godt dei du skal spela på lag med i EM?

– Ikke så veldig. Eg spelte med eit par av dei no i nordisk.

– Kva gler du deg til?

– Eg gler meg til kampane og alt det sosiale kring arrangementet, seier Carl-Otto.

– For det sosiale er viktig, Thea?

– Ja, veldig. Me blir kjent med mange kjekke ungdomar frå ulike land, og har det artig i lag. Det sosiale er nesten like viktig som konkurransen, konstaterer Thea.

►Kenneth Svenningsen

kenneth.svenningsen@osogfusa.no